

**Instruks
eigenkapitalbeviseigarane
sitt valmøte for val til
Generalforsamling og
styret**

Sogn Sparebank

Generelt

Generalforsamling

Tal medlemmar og varamedlemmar som skal veljast til generalforsamlinga av eigenkapitalbevisigarane kjem fram i banken sine vedtekter § 3-2 og § 3-7

EIGENKAPITALBEVISEIGARVALDE, generalforsamlinga	VALPERIODE			
	1	2	3	4
MEDLEMER				
Eigenkapitalbevisigar	2 representantar	1 representant	2 representantar	2 representantar
VARAMEDLEMAR				
Eigenkapitalbevisigar	1 representant		1 representant	1 representant

Sentral valnemnd

Eigenkapitalbevisigarane kjem med innstilling til 1 medlem og 1 varamedlem til sentral valnemnd, jf. banken sine vedtekter kapittel 5.

VALNEMND	Valperiode	
	1	2
MEDLEMER		
Kommunevald/kundevalde	1 representant	2 representantar
Eigenkapitalbevisigarvald	1 representant	
Tilsettevald	1 representant	
VARAMEDLEMAR		
Varamdlem kommunevald/kundevald	2 representantar	1 representant
Varamedlem eigenkapitalbevisigarvald		1 representant
Varamedlem tilsettevald		1 representant

Styret

STYRET	VALPERIODE	
	1	2
MEDLEMER		
Styremedlemer føreslått av Årdal/Lærdal	1 representant	1 representant
Styremedlemer føreslått av Aurland	1 representant	1 representant
Styremedlemer føreslått av Vik	1 representant	1 representant
Styremedlem eigenkapitalbevisegar	1 representant	
Styremedlem tilsette	1 representant	1 representant
VARAMEDLEMAR		
Varamedlem føreslått av Årdal/Lærdal		1 representant
Varamedlem føreslått av Aurland	1 representant	
Varamedlem føreslått av Vik		1 representant
Varamedlem eigenkapitalbevisegar	1 representant	1 representant
Varamedlem tilsette		1 representant

Tal styremedlemmar og varamedlemmar til styret som skal innstillast til generalforsamlinga kjem fram av banken sine vedtekter § 4-1

Stemmerett har, og valbar er alle myndige personar som på valmøtet eig eigenkapitalbevis i Sogn Sparebank. Kvart eigenkapitalbevis gjev 1 stemme. Valmøtet avgjer tvist om stemmerett og valbarheit. Eigarane av eigenkapitalbevis kan ikkje delta i avstemming om eigen stemmerett eller valbarheit.

Sentral valnemnd utarbeider ei liste på framlegg til medlemmar/varamedlemmar til generalforsamlinga og styret på bakgrunn av innkomne forslag og egne vurderingar jamfør punkt 1-2 i instruks for den sentrale valnemnda.

2.0 Innkalling til valmøte og kunngjering

Generalforsamlinga sin leiar fastset tid og stad for valmøte i samsvar med §§ 5-8 og 5-8 a i aksjelova.

Innkallinga skjer via Oslo børs og banken sin heimeside. Seinast 21 dagar før møtet.

I innkallinga kan det krevjast at dei av eigarane som vil møte, må ha meldt dette til banken innan ein bestemt frist som ikkje må gå ut tidlegare enn 3 dagar før møtet. Innkallinga skal innhalda opplysningar om:

- retningslinjer om stemmerett
- kva tidsrom valet gjeld for, og kven som er på val

Sentral valnemnd sitt framlegg vert sendt ut seinast ei veke før valmøtet.

3.0 Valmøtet

1. Valmøtet skal opnast av generalforsamlinga sin leiar, eller nestleiar dersom leiaren ikkje har mogelegheit til å møte.

2. Det førast protokoll med oversikt over møtande eigarar av eigenkapitalbevis, eventuelt fullmektigar for eigarane, og kor mange stemmer kvar av dei representer.

3. Valmøtet vert leia av generalforsamlinga sin leiar eller nestleiar dersom leiaren ikkje er til stades, inntil valmøtet har valt møteleiar.

4. Leiaren av sentral valnemnd eller anna medlem av komiteen dersom leiar ikkje har mogelegheit til å møte, skal gjere greie for innstilling. Alle med stemmerett kan kome med framlegg på valmøtet.

5. Avstemming skjer skriftleg dersom ikkje alle møtande samtykkjer i at avstemming skjer på ein anna måte.

Den/dei som har fått flest stemmer vert valde. Ved likt stemmetal vert det føreteke loddtrekning.

4.0. Protokoll

Møteleiaren skal sørge for at det vert ført protokoll for valmøtet. I protokollen skal det i tillegg til liste nemnd i punkt 3.2, førast alle vedtak og val som valmøtet har gjennomført og resultatet av stemmegjevinga.

Protokollen skal underteiknast av møteleiaren og minst ein annan person som vert utpeikt av valmøtet.

Protokollen skal være tilgjengeleg for eigarar av eigenkapitalbevis som ynskjer innsyn og skal oppbevarast på ein trygg måte.

Resultatet av vala sendast til leiar av sentral valnemnd.